

Verdenskongress for funksjonshemmede "Makíng Values Vísible" 7.-10. september 2017 i Jekaterínborg, Russland



I september 2017 er 700 deltakere fra fem kontinenter – funksjonshemmede, ledsagere og aktivister – er ventet til verdenskongressen som finner sted i millionbyen Jekaterinburg ved Uralfjellene, på grensen mellom Europa og Asia.

Initiativet er tatt av det sosialterapeutiske dagsenteret 'Blago Delo' (<http://en.delonablago.ru>) i samarbeid med den internasjonale kongressbevegelsen 'Worldwide Con-

gresses for Persons with Disabilities' (www.socialartist.events) og Institutt for Sosialterapi, Bergen.

Etter flere år med forberedende møtevirksomhet, aksjoner og prosjekter har det lyktes å få regjeringen i Sverdlovsk region med som samarbeidspartner, arrangør og ansvarlig for logistikken. En internasjonal komité står for konseptet og det sosial-kulturelle programmet. Et sekretariat er etablert i 'Blago Delo', bestående av funksjonshemmede og medarbeidere. Et av målene er å spre kjennskap til FN's konvensjon om de funksjonshemmades rettigheter og bidra til utviklingen av en inkluderende praksis – på en måte som ellers ikke ville vært mulig.

Forberedelsene til kongressen har allerede bidratt til mobilisering av sivilsamfunnet gjennom en rekke sosiale og kulturelle aktiviteter, konferanser og festivaler, og har skapt en betydelig oppmerksomhet i Russland. Den føderale regjeringen i Moskva er orientert og har lovet å bidra med informasjon innad i Russland.

Prosjektet støttes av blant annet det Nordiska Förbundet för Läkepedagogik och Socialterapi, Sosialterapeutiskt Forbund og Camphill Landsbystiftelse i Norge. Det er et stort behov for økonomisk støtte til det nevnte sekretariatet i 'Blago Delo'.

Bidrag kan overføres til konto 1254.05.50741, Cultura bank, mrk. "Sekretariat 2017". Kontaktperson i Norge er Petter Holm, Institutt for Sosialterapi, Fosswinckels gt 18, 5007 Bergen, tlf. 976 99 789.

Les om dagsenteret 'Blago Delo' på vår nettside: sosialterapi.no/blago-delos-ekaterinburg-i-russland

"Som himmelen på jorda...." - ein plass í Ural

Brigitte Deck, helsepedagog, Järna, Sverige.
Omsett frå svensk av Elisabeth Husebø.

Hausten 2001 starta eit Seminar for helsepedagogikk og sosialterapi i byen Jekaterinburg i Sverdlovsk-regionen i Ural/Russland. Det skjedde gjennom lokale initiativtakarar i samarbeid med Öst-väst-gruppa i Föreningen SOFIA i Järna, samt med det Nordiske forbundet for helsepedagogikk og sosialterapi. Det blei eit særskilt fruktbar samarbeid. Regelbunde reiste medlemmar av Öst-väst-gruppa til Jekaterinburg for å undervisa og etter kvart også for å støtta nye prosjekt som oppstod gjennom studentar som hadde fullført det treårige seminaret. Arbeidet kunne gjennomførast takka vera sjenerøst og kontinuerleg støtte frå det Nordiske Forbundet og frå hollandske stiftingar.

Vera Simakova, ein av initiativtakarane og leiar av seminar i Jekaterinburg, starta i 2005 saman med nokre kollegar den sosialterapeutiske dagverksamheten Blagoe Delo i Verch-Niejvinsk utanfor den stengte byen Novouralsk, 70 km nordvest for Jekaterinburg. Det skjedde i eit halvt forfalle hus utan noka som helst økonomisk støtte frå staten. Dermed fekk også utdanninga ei ny linje med fokus på sosialterapi, samtidig som det heldt fram eit seminar i mindre skala i Jekaterinburg for spesiallærarar, også dette gjennom tillegare studentar.

Verksemda Blagoe Delo, samt Sofia-Seminaret for sosialterapi som er på same plass, har gått gjennom ei stor utvikling sidan starten i 2005. Gjennom stor økonomisk støtte frå Nordiska Förbundet og utanlandske fond og stiftingar kunne den falleferdige bygninga kjøpast og gradvis renoverast og etter kvart bli godkjend både for sosialterapeutisk verksemd og som utdaningsstad.

I dagens situasjon får om lag 50 ungdommar og vaksne menneske med funksjonsnedsetting eller personar som har ein vanskeleg sosial livssituasjon mogelegheit til eit meiningsfullt og menneskeverdig liv i Blagoe Delo. Det



finns sju verkstader, eit teaterstudio, eit musikkband, samt eit stort gartneri for grønsaks- og blomedyrking. Ungdomar og vaksne, som på hausten 2005 satt som skuggar av seg sjølv, samankropne i ein ring i eit forfalle hus, har vorte heile menneske som utstrålar livsglede og sjølvsikkerheit. Mange av dei har som deltagarar i teaterstudioet turnert ikkje berre regionalt og i Moskva, men dei har også tatt del i store konferansar for menneske med funksjonsnedsetting i Sverige, Norge og Østerrike.

Blagoe Delo arrangerer i november 2012 ein russisk kongress i Jekaterinburg for menneske med funksjonsnedsetting i samarbeid med sosialdepartementet i Sverdlovsk og den russiske Foreininga for helsepedagogikk og sosialterapi. 250 personar deltok, frå 15 regionar i Russland. Sofia-Seminaret i Blagoe Delo har i alla år hatt kontinuerleg kontakt med "Utbildningen för läkepedagogik och socialterapi" i Järna.



Mellan åra 2004 og 2015 reiste fire ulike studentgrupper frå Sofia-Seminaret til Järna for å ta del i dei nordiske studiedagane, dei såkalla Maidagane på Kulturhuset. Dei gjorde også studiebesøk hos dei ulike verksemdene rundt om i Järna. Detta vart ei uforgløymmeleg oppleving og eit høgdepunkt på slutten av den treårige utdanninga deira. Første gongen bidrog Svenska Institutet med økonomisk støtte, dei andre gongane stod Nordiska forbundet for kostnadene.

Sverdlovsk-regionen ligg vid Uralfjella på grensa mellom den europeiske og den asiatiske delen av Russland. Regionen er helvta så stor som Tyskland, har 4,4 millionar innbyggjarar og ei eiga regionsregjering - "Duma" - med ein Moskva-utnemnd guvernør.

I dei seinaste åra har eit meir og meir intensivt samarbeid oppstått mellom Blagoe Delo og den politiske og administrative leiinga i regionen. Vera Simakova blei vald inn i guvernørrådet, og i samarbeid med sosialdepartementet gjennomførte ho, med fleire medarbeidarar i Blagoe Delo, og Petter Holm som prosjektleiar, eit utdanningsprogram for 20 leiarar av sosiale institusjonar i regionen. Det var ein respons på deira behov for

metodar for gjennomføringa av FN-konvensjonen om rettigheter for menneske med funksjonsnedsetting. Sofia-Seminaret i samarbeid med Nordiska Förbundet stod som modell for dette programmet, og kursa fant til dels stad i Blagoe Delo. Kurset gjorde eit stort inntrykk på deltakarane og det går framleis føre seg eit samarbeid i å omstrukturera dei institusjonane som finst i regionen etter Blagoe Delos' modell. Vera Simakova er også vald inn som medlem i Public Chamber i Sverdlovsk der ein aktivt arbeidar for alle menneskes likeverd og rettigheter i samfunnet.

Blagoe Delo er eit pilotprosjekt i omsyn til dette, som gjennom spreiing av den antroposofiske helsepedago-giske og sosialterapeutiske metoden visar til mogeleg-heiter i teori og praksis.

Sidan eit år tilbake er Blagoe Delo i full fart med å førebu den første ryske verdskongressen for menneske med funksjonsnedsetting i Jekaterinburg i 2017. Detta skjer i samarbeid med guvernøren og sosialministeren i Sverdlovsk, og også den føderale regjeringa har gjeve uttrykk for godvilje og lova att støtta prosjektet.

Det er ei gigantisk oppgåve som gjev store perspektiv for framtida, men kløfta mellom mogelegheitene og dei faktiske resursane er for tida svært stor. Blagoe Delo gjennomfører kultur- og informasjonsfestivalar i ymse distrikter i Russland med teatergruppa og musikkbandet sitt. Dei figurerer i TV, i avisar og på pressekonferansar og er kjente over heile Russland som vinnarar av prisen for Russlands nest beste sosiale prosjekt år 2014, og prisen for det beste prosjektet i 2015.

At Blagoe Delo samtidig kjempar for å overleva er vanskeleg å forstå. Dei får utmerkingar, vinner priser, dei får diplom og blomar, men ikkje noko som helst økonomisk støtte for verksemda si. Dei kan søka eingongsbidrag hos ymse stiftingar og velgjerdorganisasjonar, dei får ei viss hjelp med å gjennomföra dei ovannemnde prosjekta, men dei får ingen pengar for verksemda. Dei var tvinga til å skjera ned talet på medarbeidarar til eit minimum ettersom det ikkje fanst pengar for lønningane. Dei ligg etter med betalingar for el og varme og måtte slutta med å laga mat i kjøkkenet for alle som kjem til arbeide sitt.



Desse menneske med funksjonsnedsetting eller andre psykiske eller sosiale problem, kjem med iver og glede kvar dag; dei får kjenne at det er bruk for dei som medarbeidarar og vera delaktige i den praktiske delen av utdanningsverksemda.

Maria: – Eg vil bli verande her for alltid, det er heimen min. Eg hjelpte til med å bygga opp huset. Eg elskar teaterstudioet vårt.

Katja: – Eg likar å jobba i tekstilverkstaden. Eg likar når det kjem studentar, då visar eg dei korleis ein tovar eller syster vesker.

Lena: – Før satt eg aleine heime. No høyrer eg til i ein fellesskap. Eg har vene og får kjærleik.

Slava: – Eg hjelpte til med å renovera huset og bygga opp verksemda. Før det var eg berre heima utan oppgåver, hadde ingen vene og ingen trenget meg.

Vladimir: – Eg har omgang med mange her. Eg blir respektert og får hjelp når eg treng det. Har jobba i bilverkstad før men det var følt. Nå er alt bra som himmelen på jorda.

Artjom: – Eg har det bra her. Eg arbeidet i ljosverkstaden og lærer meg nye ting heile tida.

Sofia-Seminaret har fått internasjonal eksamensrett gjennom Crossfields Institute i England. Det er også godt kjent som antroposofisk utdanning innan rammene for den Medisinske seksjonen av Den frie høgskulen i Dornach. Grunna den vanskelege økonomiske situasjonen i Russland er det for tida ikkje mogeleg å gjennomføra dei tre sosialterapeutiske utdanningsåra. Verken studentar eller institusjonar har høve til å betala for vidareutdanninger. Ein organiserer korte seminar i Blago Delo inntil vidare, og har eit samarbeid med Sosialhøgskulen i Jekaterinburg der man arrangerer forelesningar. Det finst også eit samarbeid med Steinerhøyskolen i Oslo og Institutt for Sosialterapi i Bergen.

Heile dette omfattande arbeidet byrja som eit lite frø. Boren av ein sterk impuls, mot alle odds, utvikla verksemda seg til eit pionerprosjekt av store dimensjonar der den antroposofiske impulsen og menneskesynet verkar inn i det politiske arbeidet. Vonleg kan det føra til ei endring i lovverket som kan styrka rettigheitene for menneske med funksjonsnedsetting.

